
PLAN FOR PROGRAMEVALUERINGER

Den siste større evaluering av alle studieprogram ved MN-fakultetet ble gjennomført i 2008/2009¹. Hvert 5. år skal det gjennomføres en mer omfattende evaluering av studietilbudet (se vedlegg *Utdrag fra kvalitetshåndboken*). Alle evalueringsrapporter fra 2008/2009 er lagt ut i studiekvalitetsbasen under årstallet 2008².

Etter en kartlegging av gjennomførte, pågående og planlagte programevalueringer de siste fem årene har studieadministrasjonen nå utarbeidet en tidsplan for evaluering av alle studieprogram ved fakultetet. Tidsplanen strekker seg fra 2014 til 2017. De fleste institutter har valgt å gjennomføre programevalueringene i år og i 2015.

Instituttene kan selv velge om programevalueringen skal være en ren egevaluering eller om de ønsker å kombinere egevalueringen med en ekstern evaluering ved å involvere programsensor eller en ekstern fagfellekomité. Kvalitetshåndboken gir føringer på hva evaluering av et studieprogram bør inneholde. I tillegg står instituttene fritt for å inkludere aktuelle og programspesifikke spørsmål og problemstillinger.

Evalueringsrapportene skal være ferdigstilt innen 1. mars i året etter evalueringen ble gjennomført. Det er også fristen for å melde inn mindre studieplanendringer for høstsemesteret hvor instituttene blant annet blir bedt om å gi en orientering om planer for endringer i studieprogrammene. Eventuelle planer om endringer som har kommet opp som en konsekvens av programevalueringene, kan dermed varsles om i samsvar med det studieadministrative årshjulet.

Rapportene fremlegges studiestyret, og blir deretter lagt inn i studiekvalitetsbasen.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Studiestyret vedtok den fremlagte planen for programevaluering. Instituttene skal levere evalueringsrapportene innen 1. mars i året etter at evalueringen er gjennomført. Evalueringsplanen legges ut på fakultetets nettsider.

Bergen 21. mai 2014
MN/INSO

Vedlegg

- Utdrag fra kvalitetshåndboken: Programevaluering
- Tidsplan for programevalueringer ved MatNat fra 2014-2017

¹ Saksnr. 2008/3984 *Kvalitetssikring av studiene ved MN - egevaluering av utdanningsprogram*

² <https://kvalitetsbasen.app.uib.no/?year=2008&faknr=12>

UNIVERSITETET I BERGEN

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

Utdrag fra kvalitetshåndboken:

Programevaluering

Meir omfattande evalueringar av studietilboda skal verte gjennomført minst kvart 5. år, medan nye tilbod bør evaluerast etter kortare tid.

Fakulteta avgjer sjølve om evalueringa t.d. skal knytast opp til dekanperiodar eller oppnemningsperiodar for programsensor, jf. [retningslinjer for programsensor](#).

Studietilbod kan i denne samanhengen vere studieprogram på bachelor- eller masternivå, avslutta delar av profesjonsutdanningar, eller dei utdanningstilboda som fag- eller disiplinstudium representerer. Det er fakulteta som fastset kva for studieprogram som skal verte evaluerte, medan programansvarleg/styret i samarbeid med studieadministrasjonen står for planlegging og gjennomføring av evalueringa.

Programevalueringar av utdanningstilbod skal normalt vere ei sjølvevaluering.

Programstyret/fakultetet kan også nytte ekstern evaluering ved ein fagfellekomité eller slik at programsensor i sensorperioden får i oppgåve å evaluere ulike sider ved studieprogrammet. Fagfelle- eller programsensorevaluering kan kome som tillegg til eller i staden for ei sjølvevaluering. Evaluering av studieprogram bør omfatte vurderingar av:

- studieprogrammet sin profil og struktur, førekomst av felles undervisning og emne spesielt utvikla for studieprogrammet, høve til studieopphald i utlandet, faglege og sosiale aktivitetar
- om val av undervisnings- og vurderingsformer er i tråd med fastsett læringsutbyte for studieprogrammet
- praktisk gjennomføring
- søkjartal/studieplassar, gjennomføring, strykprosent og fråfall
- karakterfordeling
- ressurstilgang
- kommentarar til studentevalueringane
- studieinformasjon og dokumentasjon
- tilgang til digitale ressursar/hjelpemiddel
- institutt/programleiar si vurdering og forslag til forbetringar

Sjå elles mandat for programsensor og krav til fakulteta sine utdanningsmeldingar.

Fakulteta kan sjølve lage nærare retningsliner for evaluering av studietilboda sine. Det skal liggje føre ein plan for gjennomføringa, og denne skal vere tilgjengeleg på nett.